



Tømrarklassa som no er i Spania. (Foto: Ørjan Sjø)

**Byggfag-elevane frå Kvinnherad vidaregåande skule som no er i Spania har det fint og trivst, melder Håvard S. Eik og Øystein Opsanger i eit reisebrev. Det er to frå Uskedalen i klassa - Eik og Jøran Bringedal. Dei drog laurdag 18. april til Alfas del Pi.**

Dei opplyser blant anna at den første arbeidsoppgåva var på huset til eit ektepar frå Bergen. Oppgåva gjekk ut på å rive ned råtne taksteinar og setta opp sperr til ei halvtekkje.

No har dei merka finanskrisa, for det er lite aktivitet i byggjebransjen der nede. Men Helge Y. Andersen Construction har vore flinke til å leita opp småjobbar til elevane. Dei har også vore inviterte i middag til nordmannen som driv i bransjen og dei har vore på turar til Benidorm og Albir.

Brevskrivarane takkar Leonardo Da Vinci-stiftinga og KVV kompetanse for at dei har opna lommeboka til deira fordel og spesielt takkar dei Europakontoret for god hjelp. So langt har dei lært endel og fått mange minne for livet - på godt og vondt.

- Vi har oppført oss bra so langt og vi kjem gjerne att, skriv dei.

Av Ola Matti Mathisen